

Dagleg leiars kommentarar til årsrekneskapen for 2007

Etter revisors gjennomgang, syner årsrekneskapen for 2007 eit underskot på 65.159 kr, mot eit overskot på 71.783 i 2006. I tråd med ynskje frå styret, og for så vidt også etter eige ynskje, legg eg fram noko bakgrunnsinformasjon i samband med dette.

”Anna driftsinntekt” romma i 2007 reine driftstilskot på 200.000 kr frå Telemark fylkeskommune, samt diverse inntekter på prosjektarbeid på 171.363 kr, vesentleg frå Prosjekt Kulturlandskap (samarbeid med Norsk Kulturarv om fagdel under Slåttefestivalen og utvikling av nettstaden www.kulturlandskap.net) .

”Anna driftsinntekt” romma i 2006 reine driftstilskot på til saman 475.000 kr frå Fellesfondet, Hjartdal og Seljord kommunar. Alt i alt låg det såleis inne 275.000 kr meir i reine stønader i 2006 enn i 2007. Året 2007 var dermed det fyrste året ein fekk kjenne eit reelt krav om inntening på kroppen, anten gjennom tenestosal eller prosjektarbeid på spesifikke tilskot.

Parallelt med dette har ein hatt ei utskifting av tilsette ved senteret. Førre daglege leiar sa opp si stilling i august 2006, men heldt fram ut året. Ny dagleg leiar var ikkje på plass før i midten av mars 2007. I mellomtida fungerte ein medarbeidar på engasjement som konstituert dagleg leiar.

I mangel på god oversikt over økonomien i senteret, samt avgrensa mengde med tingingar, valde ny dagleg leiar i samråd med styreleiar, å ikkje forlenge engasjementet til medarbeidaren.

Alt i alt har senteret i 2007 vore i ei omstillingsfase, der det i byrjinga av året stoppa noko opp med omsyn til innsøking av midlar og innhenting av nye oppdrag. Tidlegare daglege leiar har gjort ein god jobb med marknadsføring og søknader av ulik art, men fekk mange avslag. Innsatsen med å drive marknadsføring og skape nettverk har av nemnte årsaker heller ikkje vore på topp i overgangen frå 2006 til 2007 og dei viktige fyrste månadene av året.

Elles er realitetane for Kulturlandskapsenteret slik at ein må balansere mellom lokale prosjekt og oppdrag der ein gjerne må leggje seg på tilnærma kostpris (av og til også under), - og større prosjekt der ein kan ta vanlege konsulentonorar og såleis tene inn att noko til administrasjon.

Styret er etter mi oppfatting vidare delte i synet på om dette er eit føretak som må/kan greie seg på tenestosal åleine, eller om det også i framtida faktisk vil vera trong for noko driftsstønad i botn.

Hjartdal, 13.05.08
Ingvill Marit Buen Garnås